**Forskrift om endring av forskrift 7. juli 2006 om skogfond o.a**

Fastsatt av Landbruks- og matdepartementet xx.xx.xxxx med hjemmel i lov av 27. mai 2005 om lov om skogbruk § 8, § 14, § 15 og § 16.

I forskrift 7. juli 2006 om skogfond o.a gjøres følgende endring:

I

§ 9. Oppgåveplikt skal lyde:

Alt skogsvirke som er omfatta av måleplikt etter § 3 skal meldast til ein landsomfattande virkesdatabase.

Følgjande opplysningar skal registrerast:

1. Eigedommen sitt hovudnummer.

2. Namn og adresse på eigaren.

3. Namn og adresse på kjøparen (gjeld berre når kjøpar er ansvarleg for registreringa)

4. *Kontraktsnummer eller anna referansenummer som identifiserer kontrakten mellom eigaren og kjøparen.*

~~4.~~ *5.* Volum av det målte skogsvirke i fastkubikkmeter under bark, juletre og pyntegrønt i høvesvis tal og kg.

~~5.~~ *6.* Bruttoverdien av målt virke (jf. § 2).

~~6.~~ *7.* Innbetalt beløp til skogfond.

~~7.~~ *8. Kva system kjøparen er sertifisert etter.*

~~8.~~ *9. Om aktsomhetsvurdering i samsvar med forordning 995/2010 (referanse til gjennomføring i norsk forskrift) er gjennomført.*

~~9.~~ *10. Hogstform som er brukt, og hvorvidt kontrakten gjeld salg av tømmer på rot*

*Opplysningane skal vere fordelte på sortimentsgrupper. Når sortimentsgruppa ikkje eintydig angjer kva treslag det gjeld, skal dette gå fram av ei eiga treslagsliste.*
*Der måleforeininga sine virkessystem ikkje blir brukt, skal innmelding minst delast opp i følgjande grupper, og aktuelle treslag skal gå fram for kvar gruppe.*

1. Industrivirke av gran (under dette edelgran, sitka, og lutzii) fordelt på sortimenta spesial, prima skur, sekunda skur, annan skur, sams skur og massevirke, massevirke og anna rundvirke.

2. Industrivirke av furu (under dette contortafuru, lerk, thuja, hemlock og douglas) fordelt på sortimenta spesial, prima skur, sekunda skur, annan skur, sams skur og massevirke, massevirke og anna rundvirke.

3. Industrivirke av lauv fordelt på sortimenta spesial, skur, sams skur og massevirke og massevirke.

4. Virke til ved og til annan produksjon av biobrensel, fordelt på bar og lauv.

5. Juletre og pyntegrønt.

Kjøparen er ansvarleg for å registrere måleopplysningane, men der registreringa skjer i måleforeininga sine virkessystem tek måleforeininga over det vidare registreringsansvaret.

Der måleforeininga sine virkessystem ikkje blir brukt skal innmelding skje på skjema eller elektronisk medium. I tilfelle der kjøparen ikkje pliktar å betale inn til skogfond, jf. § 7, 2. ledd, nr. 3 og 4, så er det høvesvis skogeigar eller allmenningsstyre som er ansvarleg for oppgåveplikta ved registrering på skjema eller elektronisk medium.

Registrering skal skje seinast innan utløpet av den månaden heile eller delar av oppgjeret for det leverte virket forfell til betaling. Ved årets slutt skal alt virke som er levert og som tidlegare ikkje er innmeldt, meldast.

*Eigar ved avvirkning har ansvaret for at kontrakten og dokumentasjon for gjennomført aktsomhetsvurdering blir tatt vare på i minst fem år etter avvirkning, og den må kunne leggast fram ved kontroll*

II

Endringene trer i kraft xx.xx.xxx